



Kyrkjebladet for Aukra

82. årgang nr 4 - 2025



**Mi barndoms jul
Oddrun Oterhals**

s. 6 - 7

Eit barn er født

s. 12 - 13

**Rød Bedehus
100 årsjubileum**

s. 18 - 19

Informasjonsavis

Julehelsing frå ordføraren

Kjære alle saman!

Jula er no like om hjørnet. I jula tek vi oss tid til å sende kvarandre gode julehelsingar. Det er ekstra kjekt for meg som ordførar å få sende ei god og varm julehelsing gjennom kyrkjebladet. Jula er ei tid for fellesskap, glede og refleksjon. Det er ei tid kor vi vender blikket innover og utover, mot dei vi er glade i, og mot dei som treng oss.

Dette året fylte Aukra kyrkje 190 år og Påskeliljemarka feira 300 år. I ei heil veke i april fekk vi feira desse to flotte jubilea. Det vart ei fantastisk jubileumsveke med eit godt og variert program. Det var alt frå påskeliljemarsj, kyrkjevandring, konsertar til festgudsteneste. Engasjementet rundt denne veka og oppslutninga om dei ulike arrangementa viste tydeleg kor stor plass kyrkja har hos folket i kommunen vår.

Ein av jula sine gode tradisjonar er å synge julesongar. «Det lyser i stille grender» er nok min favoritt. Denne songen ber i seg både

lys, varme, undring og håp. Vi treng innhaldet i desse orda i kvardagen vår og ikkje minst no når vi går inn i julehøgtida.

Med ønske om ei riktig god jul og eit riktig godt nyttår!

Varm julehelsing

Helge Kjøll jr.



Aukra Sokn

Opningstid tysdag og fredag kl. 10.00 – 14.00.

Ofte folk tilstade elles også

Telefon 468 40 719

Adresse: Skogvegen1A, 6480 Aukra

Epost: kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

Heimeside: www.aukrakyrkje.no

Kyrkjebladet

Årgang 82 nr 4 Jul

Neste nummer: Påske

Redaksjon:

Kristian Finn Risung, Jostein Vengen,

Berit Marie Sporsheim, Svein Løwe

Layout: ETN Grafisk

Trykk: ETN Grafisk

Framsdebilde: Bjørn Foss

Kasserar;: Kyrkjeverje i Aukra

Epost; aukrakerkjeblad@gmail.com

Bladet er gratis og kjem ut til alle husstandar i Aukra kommune.

Ta kontakt om du bur utanfor

kommunen og ønskjer å bli abonnent.

Abonnementet er gratis.

Takkeannonser er gratis.

Personale:

Sokneprest

Kristian Finn Risung 970 07 990

kristian.finn.risung@aukra.kommune.no

Kyrkjeverje

Anne Marie Sødal 468 40 719

anne.sodal@aukra.kommune.no

Kyrkjetenar:

Britt Karin Laastad 416 83 845

Kyrkjegardsarbeidar:

Geir Ove Tangen 928 04 129

Klokkar;

Aud Wally Berg og Linea Julnes

Soknerådsleiar:

Erlend Melby 922 20 253

Julehelsing fra biskopen

PÅ VEG MOT JUL – PÅ VEG MOT LYSET

Lyset
Du treng
Finst

Dette enkle diktet av Helge Torvund, har fulgt meg gjennom dette siste året. Det ligger skrevet på en liten lapp under dataskjermen på kontoret sammen med salmeboka og bibelen. Alt forteller om lys, om fellesskap, framtid og håp. Det som er julens store budskap.

Det er mye som ikke kan forklares, men derimot erfares. Guds nærvær. Både når livet er godt og når livet er vanskelig. Ja, særlig når alt oppleves tungt og mørkt og vi ikke kan skjønne hvordan det skal gå. Finnes det en framtid? Finnes det håp? Ja, lyset finnes. Gud er nær. Han som er lys.

På torget i Molde har det noen år blitt satt opp en stor julekrybbe med mange små figurer. Den viser glimt av veien Josef og Maria måtte dra fra Nasareth til Betlehem. Oppbruddet fra det kjente og vegen inn i det ukjente. Det ender med stallen med det nyfødte barnet og alle som kom for å se ham. Der stopper fortellingene som vises i julekrybba, men det er da den viktige fortsettelsen kommer. Den som handler om oss – om oss mennesker på alle steder og til alle tider.

Der juleevangeliet stopper, starter vår fortelling om han som kom fra himmelen – til oss. Den trosbekjennelsen vi bruker på Juledag sier det så tydelig: «Vi tror på én Herre, Jesus Kristus, Guds enbårne Sønn, født av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys, sann Gud av sann Gud, født, ikke skapt, av samme vesen som Faderen. Ved han er alt blitt skapt. For oss mennesker og til vår frelse steg han ned fra himmelen.»

Julen er tiden for de lange linjene – for tradisjoner – og nye tradisjoner. Tid for alle sangene vi lytter til i konserter eller synger sammen. Sangene som berører oss og minner



oss om Guds nærvær. «For oss mennesker og til vår frelse» kom han. For å inkludere oss i fellesskapet med Gud selv og med alle som tror på ham.

Julen har nesten blitt en sesong hvor det ikke er plass til advent. Kanskje er det lyset og fellesskapet – med rom for Guds nærvær – vi ikke klarer å vente på? Ikke klarer å vente på fordi vi så inderlig lengter etter det, ja, trenger det – til alle tider – akkurat slik livet er?

Nå tennes tusen julelys,
det stråler rundt vår jord,
og himlens stjerner blinker ned,
til liten og til stor.

Og over land og by i kveld,
går julens glade bud,
om han som fødtes i en stall,
vår Frelser og vår Gud.

Du stjerne over Betlehem,
send dine stråler ned,
og minn oss om at julens bud
er kjærlighet og fred.

Til hvert et fattig hjerte send
et lys streit ifra sky.
Så finner det den rette vei,
og det blir jul på ny.

Ingeborg Synøve Midttømme
Biskop

Andakt

Alt det som skinner...

Har du noen gang hatt opplevelsen av at verden står stille et lite øyeblikk? Når det kjennes som om det du nå opplever, det har aldri skjedd før – og det vil aldri skje igjen... Etterpå lurer du på om det virkelig har skjedd noe, eller om det kanskje bare var en drøm? Jeg har noen slike opplevelser, der det føles som om til og med gresset og vinden holder pusten.

Første møte med det nyfødte lille barnet er en slik opplevelse. Så kanskje var det derfor slik den aller første julekvelden?

For hvordan var det egentlig da dette lille barnet som ble født julenatt åpnet munnen for sitt aller første skrik. Da Maria tok han inn til seg, pakket han godt inn i et teppe. Da Josef kikket ned på gutten med et undrende blick. Og gjeterne på marken fikk en forunderlig beskjed fra en engel om å gå inn i byen og finne et nyfødt lite guttebarn... En som var verdens frelser. Når vise menn fra Østen kom den lange veien for å finne en konge.

Jeg tror det var et slikt øyeblikk da verden stod stille...

For siden den gang har ingenting vært det samme... Gutten i Maria sine armer var Guds sønn. Gud har kommet til verden. Og vi kjenner denne historien fordi den har blitt fortalt igjen og igjen og igjen...

I 1223, så tenkte en som het Frans av Assisi; Hva om jeg lager et tablå, slik at denne historien kan komme enda nærmere folk. Og slik startet tradisjonen med julekrybber. Det er helt sikkert mange som har en julekrybbe hjemme, som minner oss om hva som skjedde den første julenatten.

Jeg har en som jeg er veldig glad i. Den er bitteliten, så liten at den får plass i hånden min. Den er laget av plast, og noen av figurene er knekt. Jeg har arvet den fra foreldrene mine, så det er meget mulig at det er jeg selv som har knekt figurene i lek som barn.

For meg er denne gamle julekrybben den aller viktigste julepynten, så når den er på plass – da er det jul. Og mer enn noe minner den meg om at jula, den handler ikke om glitter, pynt og stæsj. Den handler om et lite barn, som kommer til oss med håp, midt i livet vårt – slik det er.

Det skinte av engler
Og hyrder på marken
Av konger og folk der
En far og en mor
Det skinte av barnet
Som kom hit med håpet
Om å forbinde
Himmel og jord

- Anne Grete Preus -

Grete Lystad Johnsen
Domprost



*Grete Lystad Johnsen
Domprost*

Kyrkjeverjen informerer

Arbeidet på kyrkja

I sist blad skreiv eg om at det skulle føregå arbeid på kyrkja. No er arbeidet i gang. Dyktige folk hos dør- og vindusvern har når eg skriv dette tatt ut eit vindauge og tatt det med seg til Sunnmøre for restaurering. Dei har dekkja fint til der vindaugget er tatt ut. Vi gler oss til å sjå resultat, og få heile rammer til vindauga igjen.

Tusen takk til Ann Ingeborg!

Nokon har kanskje lagt merke til endringar på kven som er klokkarar hos oss. Ann Ingeborg Julnes har vore fast klokkar i fleir år, og gjort ein veldig god jobb. Det har vore trygt og godt å ha ho i den rolla. No har ho gått over til å vere supervikar. Vi takkar hjarteleg for jobben Ann Ingeborg har gjort som klokkar, og er veldig glade for at vi framleis kan få lov til å spørje henne om å stille opp.



Ann Ingeborg
Foto: Privat

Noverande klokkarar

Vi har heldigvis gode klokkarar no også. Aud Wally Berg og Linea Julnes er dei faste klokkarane våre no. Vi er veldig glade for å ha dei på laget!

Andre stillingar.

Så er det også slik at vi i skrivande stund manglar folk i både organist og undervisningsstilling. Stillingane er lyst ut med frist før bladet kjem ut, og vi håpar veldig på gode søkjarar.

Informasjon

Vi syns det foregår mykje fint i kyrkja og på kyrkjelydshuset. Og det vil vi gjerne at folk skal få vite om. Vi prøver å spreie informasjon i ange kanalar både med plakatar, på heimesida vår og på facebook. Når det gjeld sosiale medier så er det slik at til fleire som likar og deler innlegga, til fleire er det som ser dei. Så om du syns det er noko fint som dukker opp på facebookside vår, er det veldig kjekt å om du liker eller deler, eller rett og slett inviterer andre med på det som skjer.

Frivillige medarbeidarar på kyrkjelydshuset

Det er stadig ting som skjer på kyrkjelydshuset, og det er veldig kjekt å få ha kontor ein stad som er såpass mykje i bruk. Så er det slik at vi stadig kan trenge fleire som kan vere med å bidra i det som skjer. Vi hadde til dømes trengt fleire på lista over folk som kan stille på når vi har minnesamver, og fleire som kan vere med å lage til på onsdagskafeen. Kjenner du at du kunne bidratt, ta kontakt med meg, eller nokon av dei som allereie er.

Vel møtt i kyrkja

Så håpar vi at mange kjem til kyrkja i adventstida og jula, både på gudstenester og konsertar. Det er fint å saman få lov til å feire at Gud sjølv gjorde seg så sårbar at han kom til jorda som eit lite barn for å vise sin kjærleik til oss. Og eg håpar at vi alle kan få kjenner litt på den same ærefrykta over kor stort dette er, som hyrdingane på Betlehemsmarka kjende på i møtet med både englar og Jesusbarnet.

God adventstid, og god jul!

Mi barndoms jul

Oddrun Oterhals

Hausten 1948, då eg var sju år, flytta familien min til Ørsta. Det er juleminna frå Ørsta eg vil ta fram no.

Kjøkkenet heime var romsleg, og i tida før jul ser eg for meg mamma i stort, kvitt bakeforkle. Heile kjøkkenbordet var dekt med bakepapir med masse smultringar som ho hadde bakt ut. Hushjelpa stod for steikinga. I ein stor balje plassert på ein krakk, låg det fine fedigsteikte smultringar. Smultringbakst var ikkje for ungar. Vi fekk heller bake kakemenn og hjelpe til med å trykkje ned serinakaker med gaffel.

Nokre ettermiddagar var kjøkkenet stengt for ungar. Då laga mamma julegåver. Inne på stua hørde vi symaskina hakka. Det var spennande!

Sjølvs gjekk eg på Bruksbutikken og kjøpte kjøkkensaker til mamma. Det var alltid det ho ønskte seg til jul. Pappa ønskte seg berre snille barn.

Før jul, då eg var 8 år, kom det ei tysk flyktningejente til oss. Ho var hos oss i tre månader. Ho fann seg bra til rette, men då det var hennar tur til å bade i badekaret før julehelga, hylte ho av skrekk. Storesøster prøvde å roe henne. Heldigvis vart ho roleg etter kvart, så ho vart like rein og fin som vi andre. I mange år etter sende vi julepakke med mange godsaker til byen Braunschweig i Tyskland. Stor pakke vart også sendt til Lofoten der tante budde. Frå Amerika kom det ualminnelige fine julekort med glitter. «Merry Christmas and Happy New Year» frå farfar.

I Ørsta var det ikkje barnegudsteneste julaftan. Då brukte pappa, som var prest, å halde andakt på gamleheimen i 3-tida. Lillesøstera mi og eg var ofte med. Gamleheimen var liten. Vi sat i lag med dei gamle kring eit langbord i stua. Etter andakta vart det servert kaffi og julekaker. Kakene var alltid lysegule, og dei gamle song med tynne, lyse stemmer. Dei gamle likte godt at vi ungane kom.



Oddrun Oterhals Foto: Privat

På veg heim i mørket knirka det under skoa på snøføret. Ørsta hornmusikk hadde stilt seg opp på eit flatt fabrikktag og spela: Deilig er jorden. Ja, då kjende eg at livet var godt! Vel heimkomne kunne vi høyre kyrkjeklokkene kime. Det var julehelg!

Inne venta mamma med julemiddagen: pinnerippe og kålstuing. Desserten var alltid pærer som var plukka i hagen og hermetisert. Etter måltidet las pappa juleevangeliet. Eg syntest at ingen las det finare enn han: I dei dagane let keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal yver heile verdi... Så falda han hendene og bad for oss alle.

I storstua, som til kvardags var både kald og mørk, var det fyrst godt på peisen, og attmed pianoet stod eit stort juletre med levande lys. Vi gjekk alltid kring treet og song. Det vil seie pappa song ikkje, han eigde ikkje songstemme. Eg likte godt songen: Eg er så glad kvar julekveld. Vi fekk kvar jul besøk av ein julenisse. Pappa var ein mann full av humor, så han kledde seg ut som ein svært gammal mann med nissemaske og lue. Han kom sakte trampande ned loftstrappa og banka på stuedøra. «God kveld-god kveld! Skal helse frå gamle nissemor. Ho kunne ikkje vere med

i år heller. Ho er så plaga med gikta!» Så vart nissesekken opna og gavene delt ut. Lillesøster var litt redd denne nissen, så ho kraup opp i fanget til mamma. Gavene vi fekk var nye klede, bøker og leiker. Det som mamma hadde laga bak den stengde kjøkkendøra, var fine raudruta foldeskjørt til meg og lillesøster. Etter gaveopninga spela mamma glansnummeret sitt på pianoet: Aftenklokker. Og så kosa vi oss med frukt, nøtter og julekaker.

Første juledag gjekk vi enten til juleotte eller høgtidsgudsteneste kl.11.00.

Første juledag er dåpsdagen min, det gjer denne dagen ekstra høgtideleg for meg. Om ettermiddagen hadde pappa fri. Elles var jula ei travel tid for han med fleire gudstenester og andakter på bedehus rundt om i bygdene. Vi ungane var på julefest på bedehuset vårt. Eg har eit minne om at eg gjekk kring juletreet i fin matroskjole og gummistøvlar! Finskoa låg att heime. Det var mykje folk på julefesten, og mange ringar kring juletreet. Store og små song om Jesus som kom og vart frelsaren vår.

Oddrun Oterhals

Min salme

Å velge ein sang som er tilknytt jula, er ikkje lett, da det finnes så utrolig mange fine sanger å velge mellom.

Den eg likevel har valgt, er Stille natt, heilage natt, sunget av koret Skruk (Sunnmøre kristelege ungdomskor) og kan høres både på Spotify og Youtube, på nettet. Skruk ble opprettet i 1973 med basis på Sunnmøre og dirigent har heile tida vore Per Oddvar Hildre, også kjent under kallenavnet Prots. Koret har i dag 50 medlemmer fra heile landet. Der har også vore fleire fra Aukra som har vore medlemmer i Skruk. Melodien er laga av Franz

Gruber, en Østerriksk komponist, og er den samme som benyttes i sangen Glade jul, heilage jul. Teksten er laga av den katolske presten Joseph Mohr, også fra Østerrike.



Oddvar Hoksnes
Foto: Privat

Stille natt

Stille natt, heilage natt
alt har svevn og mørker tatt.
Trufast vaker dei heilage to
Varsamt voggar dei barnet til ro.
Jorda tek himlen i famn
Jorda tek himlen i famn

Stille natt, heilage natt
barnet er vår største skatt
Trøyttte hyrdingar vaknar av song,
høyrer orda for første gong:
«Kristus, vår Frelsar er født.»
«Kristus, vår Frelsar er født.»

Stille natt, heilage natt,
Gud gjev jorda vona att.
Himlen smiler frå barnet sin munn,
Kjem oss nær i ei frelsande stund.
Vier Guds framtid til vår
Vier Guds framtid til vår
Ønskjer alle ei velsigna julehøgtid.

Haustattakkefest

Siste søndag i oktober var det familiegudsteneste i kyrkja. Det var haustattakkefest også. Vi har ein fin skikk ved at vi takkar Gud for grøden i fra jorda. Denne søndagen fekk vi det også veldig fint konkretisert i form av ei fint pynta kyrkja med resultat av det som hadde blitt hausta av jorda. Tusen takk til bygdekvinnelaget som stilte opp og pynta så fint, både ute og inne i kyrkja.

Preika denne søndagen vart halde av kyrkjevevja vår, Anne Marie Sødal, og teksten var absolutt aktuell på ein slik dag: «Gje oss i dag vårt daglege brød» Vi vart mint om kor heldige vi er som har nok mat, og vi vart mint om å hugse å takke for maten kvar dag.

På slutten av dagen vart det utdeling av bøker. Både 4-åringane og 6-åringane i Aukra var inviterte til kyrkja for å kvar si bok. 6-åringane fekk ei bok full av bibelforteljingar, og 4-åringane fekk ei bok med blanding av bibelforteljingar og fine barnesongar.

Svein Løwe





BIBELQUIZ

1. Korleis klarte mor til Moses å berge han frå å bli drept av Farao då Moses var baby?
2. Kva slags våpen brukte David for å nedkjempe Goliat?
3. Kven av læresveinane gjekk på vatnet for å møte Jesus?
4. Kva heitte fangen som vart sett fri i staden for Jesus den dagen Jesus vart korsfesta?
5. Kva heitte mannen som klatra opp i eit tre for å sjå Jesus?
6. Ein gong helbreda Jesus ti spedalske. Kor mange av dei kom tilbake for å takke?
7. Kven var det som forlot heimbyen Ur og la ut på ei lang vandring?
8. Kven bygde det første tempelet i Jerusalem? Var det David, Saul eller Salomo?
9. Var Jesus saman med læresveinane i Jerusalem den første pinsedag?
10. Kven var det Marta klaga over at ikkje ville hjelpe henne i huset då Jesus kom på besøk?



Svara finn du ein annan stad i bladet.

Utdeling av bøker til 4-åringar og 6-åringar

Alle foto: Oddmund Varhaugvik



INNSAMLING AV KLEDE

Vi tek framleis i mot klede som vert vidaresemdt til Moldova. Klede må vere heile og reine. De kan levere klede på Kyrkjelydshuset i opningstida, tysdag, torsdag og fredag 10 – 14, og torsdag kl. 18 – 19, eller setje dei utanfor døra, så vert dei tatt vare på. Dersom hovudinngangen er låst, er det vanlegvis ope i garasjen på baksida av huset.

MISJONSBASAR

Soknerådet arrangerer misjonsbasar på Kyrkjelydshuset **fredag 6. februar kl 18.00**
Åresal, Loddbok, Kaffi og kaker.
Velkommen

STØTT OPP OM KYRKJEBLADET

VIPPS 905731 ELLER
KONTONUMMER
4065 07 21545

Alle Helgensdag

Alle foto: Oddmund Varhaugvik



Eit barn er født

Tekst: Åsne Gullikstad Foto: Håvard Bjelland

Fødselen til Paskalina kunne ha gått veldig gale. Ho overlevde takka vere behandlinga ho fekk på Haydom-sjukehuset i Tanzania.

– No har eg det bra, og babyen min har det bra, seier Paskalina Qawock (35). Ho ser ned på barnet i armkroken. For berre nokre timar sidan fødte ho sitt sjette barn, ei lita jente som har fått namnet Angelina.

Då fødselen starta var ho heime, om lag ti kilometer frå sjukehuset vi er på – Haydom Lutheran Hospital i Manyara-regionen i Tanzania. Alt gjekk fint – heilt til rett etter fødselen. – Ein ropar: «Haste!» Då byrja Paskalina å blø kraftig, ein såkalla postpartum-bløding. På verdsbasis er dette ei av dei viktigaste årsakene til at kvinner dør i samband med fødsel, særleg i fattige land. Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset, eit sjukehus som vart oppretta av norske misjonærar i 1955, og som Kirkens Nødhjelp har støtta i mange år. – Når ei kvinne byrjar å blø kraftig etter at morkaka er ute,

hastar det veldig, fortel jordmor Sabina Mmao, som er saman med Paskalina i dag.

Reddar liv

Dei tilsette på Haydom veit kva dei skal gjere når det oppstår ein kritisk situasjon. Det er eit resultat av eit forskingsprogram som Haydom-sjukehuset står i spissen for. Det har gitt resultat som har vekt internasjonal merksemd: I løpet av tre år er dødsfall blant fødande kvinner redusert med 75 prosent og nyfødtdød med 40 prosent ved dei 30 fødestadene i fem regionar der programmet vart innført. Det såkalla *Safer Births Bundle of Care*-programmet er eit samarbeid mellom Haydom-sjukehuset, norske forskarar, Norad, norske Lærdal Global Health og tanzanianske styresmakter. Kirkens Nødhjelp har sidan 2015 hatt hovudansvaret for å følgje opp den norske pengestøtta til sjukehuset.

Millionar dør

Kvart år dør rundt 300 000 kvinner globalt



Jordmor Sabina Mmao og dei andre tilsette er drilla på kva nokon skal gjere i nokon kritisk situasjon for nyfødde og fødande kvinner. Her er ho saman med Paskalina, som nettopp har fødd.

i samband med svangerskap og fødsel. 2,3 millionar nyfødde døyr i løpet av den første levemånaden, ifølgje UNICEF. Programmet *Safer Births Bundle of Care (SBBC)* har i fleire område i Tanzania klart å sikre betre behandling for dei viktigaste årsakene til dødsfall blant nyfødde og fødande. Suksessen handlar om nokon kombinasjon av fleire element i behandlinga, slik at det blir ei pakke med tiltak. Nokon har mellom anna utvikla gode tekniske apparat, og helsearbeidarane øver svært ofte på realistiske scenario som kan oppstå.

Heldig

Det er framleis under eit døgn sidan Paskalina fødde. Alt er roleg no, og sjølv om ho er sliten, er forma god. – Ho er veldig heldig som fødde her, seier jordmor Sabina Mmao. Allereie same ettermiddag blir ho utskreven frå sjukehuset. Svigermor skal bli med henne heim. Med eit breitt smil rundt munnen og med dottera i armkroken kryp Paskalina inn i baksetet på

nokon trehjuls motorsykkel, på same måte som ho kom hit før fødselen. Både i Tanzania og i Noreg nærmar vi oss julefeiringa – ei tid der vi minnest natta då Jesusbarnet vart fødd. Akkurat som nyfødde Angelina, kom også Jesus til verda under utrygge forhold, der både mor og barn var sårbare. I ei høgtid der mange samlast rundt god mat og gåver, minner juleevangeliet oss om julas eigentlege kjerne: Gud kom til oss for å vise korleis vi kan vere hans hender og føter i verda. Han kom for at vi skulle få sjå nestekjærleik – ikkje berre i ord, men i handling. Kirkens Nødhjelp sitt kall er å kjempe mot naud og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, styrkjer lokalsamfunn og kjempar for rettferd – kvar dag.

SLIK GIR DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426
- Send GAVE på SMS til 2426 og gi 300 kroner
- Gåvekonto: 1594.22.87248



Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset då ho fødde vesle Angelina.

Misjonsnytt

Dei siste innlegga om misjonsprosjektet vårt i kyrkjebladet har handla om innsamling av klede og pengar for å avhjelpe nauden i Moldova. Heile vegen er det snakk om å vise nestekjærleik. Men i siste nummer av bladet sa eg at eg ville bruke dette nummeret til å fortelje litt om korleis Misjon Utan Grenser (MUG) arbeider ute i felten for å forkynne evangeliet.

Misjonscenter.

MUG har eit nært samarbeid med lokale misjonscenter rundt om i landet. Kor omfattande samarbeidet er, er avhengig av misjonsgåver. På misjonscenteret er det ulike aktivitetar. Der er det fast tilsette og frivillige som arbeider mot folket i lokalsamfunnet. Der vert det halde jamnlege møte for vaksne og familiar. Barna har tilbod på misjonscenteret fleire dagar i veka. Etter skoletid kan dei kome dit og få eit varmt måltid mat. Dei får leksehjelp og dei har tilbod om fritidsaktivitetar. I tillegg er det også faste barnemøte der barna får høyre om Jesus. Misjonscenteret tilbyr også opplæring i husstell og stell av klede. I tillegg er det også høve til feire fødselsdagsselskap i lokala.

For dei eldre er det tilbod om suppekjøken. Då kan eldre som bur heime kome og få eit varmt måltid. Dei kan få vaska klede i ein vaskemaskin, for veldig få hus har innlagt vatn. Det er også ein del heimlause som har tilbodet om suppekjøken. Ved alle samlingar der MUG serverer mat, vert det også formidla Guds Ord i form av ein andakt eller lesing fra Bibelen. Somme av oss frå Aukra har vore så heldige å få ein tur til Moldova der

vi fekk oppleve korleis MUG arbeider. Det var gripande å sjå kor stor pris det vart sett på desse suppekjøkena.

Dei som jobbar for MUG, har også kontakt med familiar ute i lokalsamfunnet. Det er familiar som slit på ulike vis. Når koordinatoren frå MUG kjem på besøk, har han vanlegvis med seg matvarer. Det er kjærkoment. Like viktig er det også at det vert delt ut biblar til familiare. Både til dei vaksne og til barna. Vi som fekk vere med på slike besøk, såg også at Bibelen var ei fin gåve å få.



Sommarleir

Kvar sommar vert det arrangert sommarleirar over heile Moldova. Dei barna som har fadrar, får tilbod om ei veke på leir. Familiesituasjonen i mange familiar som MUG har kontakt med, gjer at barna ofte har ansvar og oppgåver heime som barn ikkje skal ha. Derfor er ein sommarleir eit tilbod der barna blir sett av vaksne, og dei kan få vere barn. Dei får ein pause frå ein vanskeleg kvardag heime.

På leirane er det mange fritidsaktivitetar og ikkje minst god mat. Barna får oppleve å ete seg mette kvar dag, og ofte får dei også ein godbit i tillegg. Dei får også hjelp med personleg hygiene. Det er godt for dei å få seg ein god dusj og få på seg reine klede kvar dag på leir.

Men alle dagane er det også samling om Guds Ord. Somme av dei største barna opplever å få eit nært forhold til Jesus. Dette tar dei med seg heim og utviklar det vidare.

I eit av misjonsblada fra MUG vert det fortald om ei jente som heiter Zita. Ho hadde hamna på barneheim fordi at mora ikkje hadde råd til å ha henne heime. På barneheimen fekk dei besøk fra MUG av eit ektepar som hadde med seg gåver til barna, men som også fortalde bibelhistorier. Dette fenga Zita. Ho gledde seg til kvar gong barneheimen fekk besøk. Seinare fekk Zita vere med på sommarleir. Der vart trua hennar styrka meir. Etter kvart trefte ho han som vart mannen hennar, og ho

fortalde han om Jesus. Dei to fekk bli med i fadderprogrammet til MUG, og dei starta eit arbeid i den lille landsbyen der dei busette seg. Der var det ikkje misjonscenter, men dei brukte heimen sin som møtelokale og inviterte folk inn for å høyre om Jesus.



Bibelkurs

Det som imponerte meg mest då eg var på besøk i Moldova, var bibelkursane som MUG har. Dei har utvikla eit brevkurs for barn og unge. Kurset går ut på at barna sit heime og svarar på oppgåver frå MUG. Svare blir sendt inn, og på hovudkontoret til MUG i Moldova sit ei dame og rettar og kommenterer svare, før ho sender ut nye oppgåver. Barn og unge får ei fantastisk opplæring. Når kurset er avslutta, får deltakarane ein premie. Men dei oppnår også ein veldig god kontakt med ein vaksen. Denne kontakten varer ofte mykje lenger enn bibelkurset.

Svein Løwe



Takk for god støtte til misjonsprosjektet i kyrkja

Tusen takk til alle som har støtta opp om misjonsprosjektet vårt dette året. Vi har hatt både basar, aksjon skolesekk, aksjon julegåve og klesinnsamling. I tillegg har det vore ofring ved somme av gudstenestene.

Aksjon julegåve:

Den siste innsamlinga vi har hatt er Aksjon julegåve. I det Kyrkjebladet går i trykken har det kome inn 20350 kr til julegåvekasser til familiar i Moldova. Det er eit veldig godt resultat. Det utgjør om lag 67 julegåvekasser frå kyrkjelyden i Aukra. Grunnen til at beløpet har blitt så pass høgt, er at det vart gitt gåver til Aksjon julegåve under ei gravferd. Likeins var det ei dame som fylte 90 år, og som ønskte seg pengar til Aksjon julegåve som bursdagsgåve. Framleis er det høve til å støtte julegåveaksjonen.

Klesinnsamling

Denne hausten har vi pakka og sendt 3 pallar med klede. Vi har fått melding om at klede har kome fram til Porsgrunn der MUG held til. Derifrå vert dei vidare sendt til Aust Europa, slik at dei kjem fram før jul. Nauden i Moldova, og ikkje minst i Ukraina er stor. Mange fryr og treng klede. Så vi tar heile tida i mot posar og sekkar med klede. Dei vert sortert og pakka for vidare sending til Porsgrunn og Aust Europa. Tusen takk til alle dykk som leverer inn klede.

*Julepakken inneholder:

- 2 kg hvetemel
- 1 kg sukker
- 2 kg ris
- 2 kg havregryn
- 1 kg makaroni
- 1 kg spagetti
- 1 liter olje
- 100 gr te
- 250 gr godteri
- 200 gr sjokolade
- + overraskelser



Helsing frå Misjon Uten Grenser

Då er hausten definitivt på veg, både her hos oss, og i Moldova. Mange av dei som strevar med fattigdom, begynner å bli urolege for månadene som ligg framfor dei. Dei – og vi – er derfor djupt takksame for alle dykk som strikkar og leverer inn ulltøy til oss.

De er mange! Og de er viktige!

Både privatpersonar, små syklubbar og større frivilligsentralar bidreg trufast med strikkeprodukt. Gjennom åra har vi tatt i mot tusenvis av sokkar, luer, vottar, skjerf og genserar. Det har så mykje å seie! Somme av dykk fortel oss at strikking er dykkar måte å støtte oss på. Tusen takk til dykk! Også komande vinter skal mange, både barn og vaksne, slippe å fryse fordi det finst trufaste støttespelarar som deg. Du er med og gjer ein forskjell.



Konsert i kyrkja

Ein søndagskveld i oktober var det ein fin konsert i kyrkja. Det var far og son Kalvatsvik som inviterte til konsert. Det var mange gamle og gode songar som vart framførte, både kjente kristne songar og andre.



Rød Bedehus 100 årsjubileum

Foto: Tor Arne Aasen

18.november vart det feira hundreårsjubileum med basar på Rød bedehus. Ei stor samling av vaksne og born var møtt fram. Formann Kristian Rød gav eit tilbakesyn av historia til bedehuset og søstrene Asta Pauline Kjellnes Nilsen og Inger Kristine Kjellnes leia basaren. Rød bedehus har ei lang historie som starta hausten 1920 då Ellen Anna og Nils Nilsen Rød gav ei tomt til bygging av bedehus. Bakgrunnen var at dei hadde mista to søner i eit forlis 14.februar 1920 med båten Mk «Netto» der seks mann frå bygda kom bort. Dette satte sitt preg i bygda og folket begynte å samle seg til misjonsmøte i «Buktastauen» i den gamle rorbua i Røssøyvågen. Sommaren 1922 vart det starta ei pengeinnsamling til bedehus. Ein byggekomite av «Røssøyvaags Indremisjonsforening» vart oppretta i 1923. Bygget stod ferdig i 1925 på den nye tomta og mesteparten av arbeidet vart gjort på dugnad. Under krigen vart Rød bedehus tatt i bruk av den tyske okkupasjonsmakta, slik det vart gjort med alle bedehus og skular på øya.



I denne tida vart det også satt opp eit tilbygg som vart rennovert i 1958. Etter dette har det vorte fleire renoveringar. Hovudsalen er no snudd med inngang på sydvestsida, og med kjellarstue og kjøkken i 1. etasje.

Rød bedehus er særmerkt med si utsmykking. Seneportalen har maleri med bibelske motiv: «Jesu fødsel» og «Jesu oppstode», omkransa av fin treskurd. Over portalen eit måleri av ei due med englar. All utsmykking er gjort av folk frå bygda. Treskurden er gjort av tømrrar Andreas K. Småge (f. 1905), måleria er signert 1930 av Iver Andreas Byttingsvik (f.1898) som dreiv som kunstmålar i Oslo, måleriet over portalen er måla av Olav Kjellnes som dreiv målarverkstad i Røssøyvågen og hadde kunstmåling som hobby. På bakveggen av storsalen måla forfattar og kunstnar Leonard (Leo) Oterhals (f.1941) eit Kristusmåleri rundt

1970, med utgangspunkt i Joh.openb.3.11: «Sjå eg kjem snart». Huset blir no drive saman med bygdelaget.

*Opplysningar er henta frå Aukra gjennom tidene nr. 2013.



Julestri

Når vi skal lage julenummer av Kyrkjebladet, må vi starte så tidleg på hausten at det berre er i butikkane at vi kan sjå at det nærmar seg jul. Redaksjonen har heller ikkje kome i den rette julestemninga.

Men «jul» har ein eigen klang i hjartene til folk. Det er ei spesiell tid.

Det er mange tradisjonar ein har lyst til å halde ved like. Mange seier: «Det blir ikkje jul utan ...», og så får vi høyre om ein eller fleire tradisjonar som må gjennomførast.

Det er mange mattradisjonar som høyrer jula til. Mykje av maten skal lagast frå botn av, sjølv om du kan få kjøpt den på butikken. Men all matlaginga er med på å lage den gode julestemninga. Det luktar jul i huset når ein både kokar og steiker det som skal brukst i jula. Somme lagar også litt «konkurrans» om å vere først ferdig. Dei fleste er nok ikkje ferdige før tidlegast lillejulaftan. Da er pinnekjøtet eller svineribba ordna, og kakeboksane er fylte med ulike slag juebakst.

Så ser vi også i kyrkja at ein viktig tradisjon i mange familiar er å kome i kyrkja og få høyre juleevangeliet på julaftan.

Vi har undersøkt litt rundt omkring om nokon har begynt å tenkje juleførebuing. Det er vanskeleg å finne nokon som har starta i oktober. Det einaste tipset vi fekk, var at Husflidlaget heldt på å førebu julemesse. På eit kort besøk på medlemsmøtet deira får vi innblikk i ein gamal teknikk som kallast *tamburering*. Det vert hekla ei lita brikke, og etterpå brukar dei heklenåla og broderer ein dekorasjon på den lille brikka. Desse brikkene vert det tilbod om når Husflidslaget arrangerer julemesse.

Svein Løwe



AUKRA™




ODD SMÅGE AS
 MASKINENTREPRENØR
- strekker seg enda litt lengre



BUNNPRIS

Aukra
 Tlf.: 71 17 45 03



Aukra kommune

 **KIRKELAND**
 BEGRAVELSESBYRÅ


 FORMIDLING/OPPUSSING OG
 FORNYING AV GRAVMINNE
 ARNE HJELMÅS 97 17 06 04


 Aukra


 Aukra

AUKRA 
 GRAVFERDSBYRÅ


 Falkhytten tlf. 71 17 40 64

ETN Grafisk

etngrafisk.no

35 90 40 60

Vikenco  | 1973 - 2023
 50 år

- Svar på Bibelquiz**
1. Ho lagde ei korg og gøymde han ved elva Nilen
 2. Ei steinslyngje
 3. Peter
 4. Barabas
 5. Sakkeus
 6. Berre ein
 7. Abraham med faren Tarah og resten av familien
 8. Salomo
 9. Nei, Jesus var det på det tidspunktet i himmelen
 10. Maria som var søstera til Marta



ADVENT OG JUL I AUKRA KYRKJELYD



Søndag 30. nov Aukra kyrkje kl 19 – Lysmesse.
Konfirmantane deltek.

Onsdag 3.des Aukra kyrkje kl 10:30 – Eldretreff

Søndag 7.des Aukra kyrkje kl 18 – Adventskonsert

Søndag 14.des Aukra kyrkje kl 11 – Gudsteneste

Julaftan

Julsundet skule kl 13.00

Aukra kyrkje kl 14.45 og 16.00

1.juledag Aukra kyrkje kl 12 – Høgtidsgudsteneste

1.jan Aukra kyrkje kl 14 – Nyttårsmesse



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra kyrkjelyd



Som dagane går:

Døpte i Aukra sokn

12.10.25 Mats Eckhoff Raknes
Julie Adelen Kårstein Solem
26.10.25 Odin Gamsgrø

Vigde i Aukra Sokn

01.11.25 Yvonne Kårstein og Kevin Solem

Gravlagde frå Aukra kyrkje

10.10.25 Bjørg Eikrem
14.10.25 John Oscar Qvam Hanson
18.10.25 Anny Nortun
21.10.25 Astrid Ona
21.10.25 Thordis Sporsheim
31.10.25 Kristian Hukkelberg
07.11.25 Sverre Skarshaug

Takkeannonsar

Hjertelig takk for all omtanke, blomster, minnegaver og deltakelse ved vår kjære pappa, John Oscar Qvam Hanson, sin bortgang og begravelse. .

Johan Steger, Aud Grete og Marit med familie.

Hjarteleg takk for all vennleg deltaking ved Kristian Hukkelberg sin bortgang og gravferd.

Familien

Hjarteleg takk for varm omtanke, deltaking og blomsehelsingar ved vår kjære Peder Nedrelid sin bortgang og gravferd. Takk også for minnegåve til Kirkens SOS og Sjømannskyrkja.

Ingrid, Audun, Elisabeth, Alma, Ole Albrekt.



Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong? Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FINN FEM FEIL


Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet **Barnas** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



FARGELEGG



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymmer seg her?

